

MELDESKJEMA FOR INSTALLASJON AV VASSMÅLAR

Installert hos:

Dato:

Type vassmålar:

Nummer på vassmålar:

Antall siffer i målar:

Plassering av vassmålar i bygget (situasjonsplan):

Etter hovudstoppekran

Avlest mengde:

Underteikna rørleggar stadfestar med dette at vassmålar er installert, avlesen og plombert.

.....
Stad og dato

.....
Namn

Føresegner for installasjon og bruk av vassmålar

1. *Innkjøp og installasjon*

- 1.1 Abonntenen kostar innkjøp av målar. Målaren vert abonntenen sin eigedom. Kommunen avgjer type, plassering og storleik på målareren. Kommunen avgjer om eldre installasjonar, før vedtak av desse føresegnene, kan nyttast vidare.
- 1.2 Abonntenen kostar installasjon av målar. Installasjon skal utførast av godkjend rørleggjar i samsvar med gjeldande reglement. Etter montasje skal godkjent rørleggjar plombere målar og melde tidspunkt for installasjon til kommunen.
- 1.3 Kvar eigedom skal normalt ha berre ei tilknytting. I andre høve installerast ein målar på kvar tilknytting. Eventuelle interne målarar vedkjem ikkje kommunen.
- 1.4 Forbruksmåling skal ikkje nyttast når målar ikkje kan plasserast frostsikkert. I slike høve skal gebyr fastleggjast etter regler for stipulert forbruk.

2. *Avlesning*

- 2.1 Abonntenen har ansvaret for årleg avlesing og innmelding av målarstand innan frist fastsatt av kommunen.
- 2.2 Dersom avlesing og innmelding av målarstand ikkje er utført innan fastsatt frist, kan kommunen stipulere årsforbruket eller lese av målarstand. I siste høve svarer abonntenen avlesingsgebyr som fastsatt i gebyrregulativet.

3. *Kontroll*

- 3.1 Kommunen skal til ei kvar tid ha rett til inspeksjon og kontroll av målareren. Målaren skal haldast lett tilgjengeleg for avlesing og revisjon/utskifting.
- 3.2 Kontroll av vassmålar kan krevjast av abonnent eller kommune. Kommunen skal godkjenne utførande for kontrollen. Viser kontrollen eit avvik på over 5% skal målareren justerast eller utskiftast for abonntenens rekning. I motsett fall og dersom kommunen har kravd kontrollen, skal kommunen dekkje kostnaden.
- 3.3 Dersom fellmålte mengder ikkje kan utreknast tilstrekkeleg nøyaktig, skal avgifta for den perioden det er tvil om justerast etter gjennomsnittet av næraste avlesningsperiodar før og/eller etter perioden med usikker måling.

4. *Diverse*

- 4.1 Installert målar skal ikkje fjernast utan samtykke frå kommunen.
- 4.2 Plombert målar skal berre åpnast av kommunalt personell eller under oppsyn av kommunalt personell. Er ei plombe brutt, settjast vassforbruket for aktuelle termin til 4 gonger antatt forbruk.
- 4.3 For installasjon og bruk av vassmålar gjeld kommunens øvrige tekniske reglement.